

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 18/2404-1

## **Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 - sektorbudsjett for opplæring**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til tilpassing innanfor gjevne sektorrammer.
2. Hovudutvalet ber om at sektorramma for opplæring vert styrka med 13,9 mill. kr i 2019 og 12,4 mill. kr årleg frå 2020.

### **Vedlegg:**

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Innleiing**

Finansutvalet handsama i møte 07.03.2018 arbeidsdokument 1/18. I arbeidsdokumentet rådde fylkesrådmannen til følgjande tilnærming til økonomiplanarbeidet våren 2018:

- Arbeidsinnsatsen vert retta mot økonomiplanåret 2019
- For åra 2020 - 2021 er gjeldande økonomiplan utgangspunkt
- Økonomiplanåret 2022 vert ei vidareføring av 2021 justert for kjente tidsavgrensa løyvingar/ slutførte tiltak
- Økonomiske verknadar av disposisjonar i 2019 vert innarbeidd for økonomiplanåra 2020 - 2022 .

Finansutvalet slutta seg til fylkesrådmannen si tilråding.

Denne saka tek utgangspunkt i sektorrammene som vert lagt til grunn for økonomiplanarbeidet, skissert tilnærming til økonomiplanarbeidet og finansutvalet si bestilling til hovudutvala i arbeidsdokument 1/18.

### **2. Økonomiske rammer**

I arbeidsdokument 1/18 heiter det m.a.:

I FT - sak 59/17 Budsjett 2018 /økonomiplan 2018-2021 vart det i punkt 6 vedteke følgjande:

«Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan».

Finansutvalet startar no opp arbeidet med økonomiplandelen av budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. Økonomiplanen skal vedtakast i juni. Hovudmålet med dette arbeidet er å trekke opp dei meir langsiktige linjene for den økonomiske utviklinga. Det vil såleis vere økonomiplanarbeidet no i vår som vert viktig for eventuelle overordna grep på tvers av sektorane og eventuelle justeringar i rammene for den enkelte sektor.

Sektorrammene som skal leggast til grunn for arbeidet er sett opp i tabellen nedanfor:

| Økonomiske rammer                           | B-2018            | B-2019            | B-2020            | B-2021            |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| <b>Fellesinntekter og -utgifter - netto</b> | <b>-2 328,226</b> | <b>-2 298,710</b> | <b>-2 225,873</b> | <b>-2 226,528</b> |
| Sektorrammer                                |                   |                   |                   |                   |
| Politisk styring, plan og forvaltning       | 178,264           | 175,391           | 174,743           | 175,398           |
| Opplæring                                   | 856,861           | 852,779           | 847,196           | 847,196           |
| Tannhelsetenesta                            | 81,635            | 81,635            | 81,635            | 81,635            |
| Næring og kultur                            | 145,487           | 143,671           | 143,671           | 143,671           |
| Samferdsle                                  | 1 065,979         | 1 045,234         | 978,628           | 978,628           |
| <b>Sum sektorrammer</b>                     | <b>2 328,226</b>  | <b>2 298,710</b>  | <b>2 225,873</b>  | <b>2 226,528</b>  |

### 3. Bestilling til hovudutvala frå finansutvalet

I arbeidsdokument 1/18 heiter det m.a.:

Tidlegare år har hovudutvala hatt ei svært viktig rolle i samband med utgreiings - og prioriteringsarbeidet i « SFJ2019 ». I 2017 kom i tillegg prioriteringsoppgåver knytt til investeringsplanen.

Som tilrådd i pkt. 1 ønskjer fylkesrådmannen at arbeidsinnsatsen vert retta mot økonomiplanåret 2019. Det gjeld også økonomiplanarbeidet til hovudutvala.

Fylkesrådmannen tilrår difor at arbeidet i hovudutvala no i vår i hovudssak dreiar seg om å finne best moglege tilpassingar innanfor gjevne sektorrammer. Framlegg til tilpassingar må mellom anna sjåast i lys av følgjande moment:

- Gjev rekneskapsresultatet for 2017 grunnlag for rammejustering på enkelte område?
- Løyser vi ufordelte innsparingskrav som ev. er innarbeidd i sektorrammene?
- Sikrar framlegget god gjennomføring og «rett» effekt av alt vedtekte innsparingstiltak?
- Er ev. omprioriteringar innanfor sektorramma synleggjort på oppgåve-/tiltaksnivå?

I tillegg bør hovudutvala få høve til å synleggjere naudsynte tiltak som ikkje let seg finansiere innanfor sektorramma.

Fylkesrådmannen vil legge til rette for oppfølging av dette gjennom eigne budsjettsaker i hovudutvala i mars/april.

Finansutvalet slutta seg i møtet til følgjande tilråding:

Økonomiplanarbeidet i hovudutvala våren 2018 skal i hovudsak dreie seg om å finne best moglege tilpassingar innanfor gjevne sektorrammer.

Hovudutvala får i tillegg høve til å synleggjere naudsynte tiltak som ikkje let seg finansiere innanfor sektorramma.

Fylkesrådmannen får i oppgåve å legge til rette for dette arbeidet gjennom eigne budsjettsaker til hovudutvala i mars/april.

#### 4. Rekneskapsresultatet for 2017 - rammejustering

Opplæringssektoren hadde i 2017 eit nettobudsjett på om lag 861 mill. kr. Sektoren hadde i 2017 eit samla mindreforbruk på 13 mill. kr (etter resultatoverføring på skulane).

Dei største postane med mindreforbruk er:

- vedlikehald og drift av skulebygg, 4,7 mill. kr
- pedagogiske fellesutgifter, 2,6 mill. kr
- tilpassa opplæring, 4,8 mill. kr

Den største posten med meirforbruk er:

- fellesutgifter og støttefunksjonar, 1,1 mill. kr

Med grunnlag i rekneskapsresultatet for 2017 vurderer fylkesdirektøren i denne saka behovet for justering av dei økonomiske rammene i vedteken økonomiplan. Fylkesdirektøren vil kome tilbake med vurdering av konsekvensane for 2018 i samband med tertialrapport 1/18.

Fylkesdirektøren si vurdering er basert på tanken om god ressursutnytting. Det er difor lagt til grunn ei tilpassing til lågast mogleg realistiske nivå på anslagsløyvingane. I samband med avsetning av buffer på 3,0 mill. kr i sektoren (arbeidsdokument 3/16) heiter det m.a.:

For å oppretthalde ein viss fleksibilitet i dei årlege budsjetta, vert det oppretta ein felles buffer på sektoren, som skal nyttast om det oppstår uføresette utgifter knytt til ein eller fleire av anslagsløyvingane. Det er lite truleg at det vert meirbehov knytt til alle anslagsløyvingane same året. Det er likevel grunn til å presisere at det framleis er uvisse knytt til å budsjettere på ikkje styrbare anslagsløyvingar.

Med utgangspunkt i dette og med bakgrunn i rekneskapsresultatet i sektoren dei siste åra vert nivået på 3 mill. kr oppretthalde, samstundes som nivået på nokre anslagsløyvingar vert redusert.

##### Teneste 5100 Utgifter til lokale og 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg

Mindreforbruket på vedlikehald og drift av skulebygg er knytt til ubrukte midlar til uføresette investeringar/uforesett vedlikehald (2,1 mill. kr), energi (1,7 mill. kr) og innsparing på ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane (0,9 mill. kr). Dette er variable postar med stor uvisse og etter fylkesdirektøren si vurdering er det ikkje grunnlag for å justere rammene på desse tenestene.

##### Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Det vart i 2017 nytta om lag 5,8 mill. kr i omstillingsmidlar. Fylkesdirektøren rår til at løyvinga for 2019 vert justert ned til om lag same nivå som rekneskapen i 2017, ein reduksjon på 1,0 mill. kr i høve løyvinga i økonomiplanen. Etter fylkesdirektøren si vurdering kan ikkje reduksjonen vidareførast då løyvinga til omstillingsmidlar frå 2020 er budsjettert ut frå eit minimumsnivå med om lag 4,0 mill. kr årleg.

##### Teneste 5210 Utdanningsprogramma

Løyvinga til gratis læremiddel hadde i 2017 ei innsparing på om lag 0,8 mill. kr. Fylkesdirektøren si vurdering er at løyvinga i økonomiplanen kan reduserast med 0,5 mill. kr årleg.

##### Teneste 5202 Gjesteelevar

Løyvinga til gjesteelevar er ei anslagsløyving. I 2017 vart det nytta om lag 6,5 mill. kr til føremålet. Løyvinga til gjesteelevar vart i samband med arbeidsdokument 4/17 frå

fylkesrådmannen til finansutvalet styrka med 1,5 mill. kr som følgje av friare skuleval. Frå 2018 er det budsjettert med 7,9 mill. kr årleg. Det er uvisse knytt til løyvingnivået. Fylkesdirektøren si vurdering er at løyvinga i økonomiplanen kan reduserast med 0,7 mill. kr.

#### Teneste 5611 PP-tenesta

Løyvinga til kjøp av PP-tenester frå kommunane hadde i 2017 eit meirforbruk på om lag 0,3 mill. kr. Løyvinga til føremålet er i økonomiplanen vidareført om lag på same nivå som budsjettet i 2017. Fylkesdirektøren si vurdering er at budsjettet for tenesta bør aukast med 0,4 mill. kr.

#### Teneste 5620 Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring er ei anslagsløyving med stor grad av uvisse. Mindreforbruket på tenesta i 2017 var i hovudsak knytt til ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane, 2,0 mill. kr, og eksternt kjøp av tenester, 2,0 mill. kr.

Tal søkjarar for skuleåret 2018-2019 viser ein auke på nærare 50 % i høve førre skuleår for elevar frå språklege minoritetar med rett til særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12. Heilårsverknaden av kostnadsauken knytt til dette er rekna til om lag 2 mill. kr.

Samla sett er det fylkesdirektøren si vurdering av løyvinga på tenesta må vidareførast på same nivå som i 2017.

#### Teneste 5701 Opplæring i bedrift

Løyvinga til tilskot til lærebedrifter hadde eit mindreforbruk i 2017 på 1,4 mill. kr i høve vedteke budsjett. Dette skuldast i hovudsak mindreforbruk på stimuleringstilskot til fag- og yrkesopplæringa. Forbruket på stimuleringstilskot er i 2017 om lag på nivå med løyvinga i vedteken økonomiplan og gir etter fylkesdirektøren si vurdering ikkje grunnlag for rammejustering.

Løyvinga til tilskot til lærebedrifter vart i FT-sak 58/17 *Endringar i budsjettet for 2017* auka med 11,0 mill. kr, som følgje av auke i tal lærekontraktar (tal tilskotsmånader). Fylkesrådmannen varsla i saka at han ville kome attende til eventuelle konsekvensar for 2018. Forbruket på tilskot til lærebedrifter var i 2017 om lag som budsjettert. Løyvingnivået i 2017 ligg om lag 9,2 mill. kr over løyvingnivået i vedteken økonomiplan. Etter fylkesdirektøren si vurdering må løyvinga til tilskot til lærebedrifter i økonomiplanen aukast tilsvarande.

#### Teneste 5702 Fagprøver

Tenesta hadde i 2017 eit meirforbruk i høve vedteke budsjett på om lag 1,7 mill. kr. Fylkesdirektøren si vurdering er at løyvinga i økonomiplanen må oppjustert til same nivå som rekneskapen for 2017, ein auke på 1,7 mill. kr årleg.

#### Teneste 5903 Karriererettleiing

Som følgje av omstillingsarbeidet i fylkeskommunen vart den fylkeskommunale løyvinga til karriererettleiing frå hausten 2016 teken bort. Tenesta er etter dette driven innanfor ramma av tildelte statlege midlar til føremålet. Ved ein feil har prisauken på den fylkeskommunale løyvinga blitt liggande att i økonomiplanen med til saman 0,15 mill. kr. Løyvinga vert redusert tilsvarande.

Etter fylkesdirektøren si vurdering gir rekneskapsresultatet for 2017 ut over dette ikkje grunnlag for rammejustering.

### **5. Vedteke innsparingskrav**

Alle vedtekne innsparingstiltak for opplæringssektoren er innarbeidd i budsjett og økonomiplan.

Etter fylkesdirektøren si vurdering sikrar vedteken budsjett og økonomiplan god gjennomføring og «rett» effekt av dei spesifiserte tiltaka.

I økonomiplan 2018-2021 er det frå 2020 budsjettert med eit ufordelt innsparingskrav på 2,5 mill. kr. Det er p.t. ikkje utgreidd særskilte tiltak for å møte dette innsparingskravet og fylkesdirektøren meiner dette må sjåast i samanheng med den samla tilpassinga til sektorramma, skissert i punkt 4 over.

## 6. Andre saker

### 6.1 Teneste 5151 Fellesutgifter

Arbeidet med nytt skuleadministrativt system (nytt namn Visma InSchool) er omfattande, og forseinka framdrift medfører noko forskyving. Planen er at nytt system skal rullast ut i Sogn og Fjordane i løpet av 2019. Forskyvinga medfører reduserte kostnader i 2018 på om lag 2,5 mill. kr. Det vil vere behov for ein tilsvarande auke i 2019.

### 6.2 Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Hovudutval for opplæring handsama i HO-sak 2/18 Handlingsprogram for mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2019, « Mot nye høgder». To av satsingane skisserer kostnader ut over løyvinga som ligg i økonomiplanen. I vedtaket i HO-sak 2/18 heiter det m.a.:

2 Tiltaka i handlingsprogrammet vert finansiert slik:

- a. Drift og finansiering av satsing 1, kvalitetsutviklingsgrupper på dei vidaregåande skulane, vil fylkesdirektøren kome tilbake til i eiga sak i hovudutval for opplæring sitt møte i april.

.....

- c. Satsing 3 Psykososialt læringsmiljø for elevar og lærlingar er tenkt finansiert gjennom ny tilskotsordning «Tiltaksutvikling for Program for folkehelsearbeid i kommunane» (søknad sendt). Dersom søknaden ikkje vert støtta må fylkesdirektøren kome attende til finansiering.

#### Satsing 1 Kvalitetsutviklingsgrupper

HO skal handsame sak om kvalitetsutviklingsgrupper i møte 3. april. Saka legg til grunn at det vert etablert ei prøveordning med kvalitetsutviklingsgrupper ved dei vidaregåande skulane. Ordninga skal startast opp skuleåret 2018-2019 og evaluerast i 2020, som grunnlag for vurdering av vidare drift. Kostnaden for tiltaket i prøveperioden er rekna til om lag 1,2 mill. kr.

Fylkesdirektøren for opplæring har over fleire år søkt og fått statlege midlar til å setje i verk og følge opp ulike satsingar som mellom anna er initiert av Kunnskapsdepartementet. Mange av satsingane føreset at fylkeskommunen bidreg med ein eigendel. Samstundes har satsingane samsvart med lokale politiske føringar og initiativ og vore viktige for kvaliteten på opplæringa i Sogn og Fjordane. Deler av satsingane har difor vorte finansierte gjennom fylkeskommunale midlar og ført til ein rest av statlege midlar. Etter fylkesdirektøren si vurdering kan satsinga på kvalitetsutviklingsgrupper finansierast over restmidlar frå tidlegare motteke statleg tilskot, og får difor ikkje salderingsmessige konsekvensar.

#### Satsing 3 Psykososialt læringsmiljø for elevar og lærlingar

Dersom søknaden ikkje vert støtta kjem fylkesdirektøren tilbake til saka.

### 6.3 Fornying av læreplanane i vidaregåande opplæring

Utdanningsdirektoratet har, på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet som oppfølging av Meld.St.28 Fag-fornyng fordjuping, sett i gong eit arbeid med fornying av læreplanverket for gjennomgåande fag i grunnopplæringa. For vidaregåande opplæring gjeld dette læreplanane i faga matematikk, norsk, engelsk, samfunnsfag og kroppsøving. Fagfornyng er planlagt gjennomført med følgjande progresjon:

- 2017- 2018: kjerneelement i fag og læreplanstruktur
- 2018-2019: læreplanane skal utviklast
- 2019-2020: skulane førebur seg
- 2020-2021: nye læreplaner blir tatt i bruk

Kunnskapsdepartementet har lagt opp ein strategi for implementering der merksemda er flytta frå avgjersler utanfrå til kunnskap om, involvering i, medverknad av og eigarskap til det nye læreplanverket. Om og i kva grad læreplanane i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma vert omfatta av fagfornyinga er usikkert. Fylkesdirektør for opplæring ynskjer å nytte dei etablerte fylkesdekkande nettverka for fag til dette arbeidet. Totalt er det 21 fylkesdekkande nettverk. I økonomiplanen er det årleg sett av 0,2 mill. kr til arbeid i nettverk både i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma og i fellesfaga. Midlane vert nytta til ein felles nettverksdag (planleggingsdag) for vidaregåande opplæring i fylket.

Arbeidet med fagfornyinga gjer at det er behov for å styrke dei fylkesdekkande nettverka, i første omgang i dei gjennomgåande faga, med 0,3 mill. kr til ekstra samlingar og kompetanseheving. Etter fylkesdirektøren si vurdering kan kostnaden finansierast over restmidlar frå tidlegare motteke statleg tilskot og får difor ikkje salderingsmessige konsekvensar.

## 7. Konklusjon

Som skissert over har opplæringssektoren i økonomiplanperioden ei netto økonomisk utfordring på 13,9 mill. kr i 2019 og 12,4 mill. kr årleg frå 2020, fordelt slik:

| Teneste                         | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------------------------------|------|------|------|------|
| 5151 Fellesutgifter             | 2,5  |      |      |      |
| 5201 Pedagogiske fellesutgifter | -1,0 |      |      |      |
| 5210 Utdanningsprogramma        | -0,5 | -0,5 | -0,5 | -0,5 |
| 5202 Gjestelevar                | -0,7 | -0,7 | -0,7 | -0,7 |
| 5611 PP-tenesta                 | 0,4  | 0,4  | 0,4  | 0,4  |
| 5701 Opplæring i bedrift        | 9,2  | 9,2  | 9,2  | 9,2  |
| 5702 Fagprøver                  | 1,7  | 1,7  | 1,7  | 1,7  |
| 5702 Karriererettleiing         | -0,2 | -0,2 | -0,2 | -0,2 |
| Ufordelt innsparingskrav        | 2,5  | 2,5  | 2,5  | 2,5  |
| Nto rammeauke                   | 13,9 | 12,4 | 12,4 | 12,4 |

Den økonomiske utfordringa knytt til anslagsløyvingane på teneste 5701 Opplæring i bedrift og teneste 5702 Fagprøver utgjer til saman 10,9 mill. kr årleg. Fylkesdirektøren ser det ikkje som forsvarleg å finansiere denne kostnadsauken innanfor opplæringssektoren. I tillegg kjem det ufordelte innsparingskravet på 2,5 mill. kr årleg.

Auken på 2,5 mill. kr på teneste 5151 Fellesutgifter som følgje av endra framdrift for Visma InSchool, må sjåast i samanheng med tilsvarande budsjettreduksjon i 2018. Fylkesdirektøren kjem tilbake til dette i tertialrapport 1/18.

Innsparingane, med grunnlag i årsresultatet for 2017, er rekna til 2,4 mill. i 2019 og 1,4 mill. kr årleg frå 2020. Etter fylkesdirektøren si vurdering er det, ut over dette, ikkje realistisk å finansiere den økonomiske utfordringa innanfor sektoren.

Fylkesdirektøren si vurdering er at sektoren må/bør tilførast midlar for å finansiere den økonomiske utfordringa.